

NB: Manus for hilsen, må sjekkes mot faktisk fremføring

Preses Olav Fykse Tveit:

Tale ved vigslinga av Svein Valle til biskop i Sør-Hålogaland,

Bodø domkyrkje, 19. november 2023

Kjære Svein,

Når du i dag blir biskop og leiar for Sør-Hålogaland bispedømme, går du inn i ei oppgåve som har ei rekke som er to tusen år i den verdsvide kyrkja og tusen år her i landet.

Det oppdraget er omtalt i den Heilage Skrifta på denne måten:

«Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga.»

Slik skriv apostelen Paulus i det andre Korintarbrevet, kapittel 5.

«Forsoningstenesta». Det var det apostolske oppdraget. Det har sidan vore biskopens oppgåve som kyrkjeleiar. Det er å sjå til at bodskapen når fram om at Gud har kome oss menneske i møte, ja, at Gud vil forsone verda med seg. For at vi også skal forsone oss med kvarandre.

Det var ikkje ein sjølvsagt og unødvendig bodskap til dei som apostelen skreiv til. Kvifor høyrté dei saman, når dei var så forskjellige i den første kyrkja i denne kystbyen i eit mangfaldig Romerrike? Svaret var: Gud. Ikkje noko mindre. Ikkje noko meir. «Men alt dette er av Gud.» Det var relasjonen til Gud som kom først og som gjorde at dei høyrté saman.

Det er heller ikkje i vår tid eit sjølvsagt eller unødvendig bodskap. Det er ei tid som treng forsoning. Forsoning med Gud og forsoning oss i mellom heng nøye saman. Det handlar om å leve i samsvar med Skaparens vilje, at vi skal elske Gud og vår neste som oss sjølv. Vi

treng ikkje lese gamle tekstar for å sjå at det ikkje alltid er slik at menneske lever i samsvar med Skaparens kjærleiksvilje.

Det gjeld oss som enkeltpersonar, som grupper eller nasjonar, eller som menneskehett. Mange lever med mistillit, nokon i krig med kvarandre. Og det påverkar heile verda i denne tida.

Her til lands har vi i år fått ei stor bok av Stortingets sannings- og forsoningskommisjon, som tar opp urett som har skjedd overfor samer, kvener og skogfinnar som følgje av fornorskningspolitikken. Kyrkja var også ein del av den. Du har sjølv sett at dette gjeld også her. Du skal leie eit bispedømme som har særleg ansvar for lule-samisk kyrkjeliv, og du har alt gjort deg kjent med det og har tatt initiativ for at det skal kome tydeleg til uttrykk i dag.

Vi treng alle bodskapen om at Gud ikkje tilreknar oss våre misgjerninga, at Gud vil gi oss muligheten til ein ny start. Det er alltid nådens bodskap som skal lyde i kyrkja: Guds forsonande vilje gjeld oss alle. Gud vil oss alle vel. Kjærleikens og nådens kjelde er Gud. Forsoningas realitet og kraft kjem frå Gud. «Alt dette er av Gud.»

Som biskop skal du sjå til at alle kan få kjenne at det gjeld dei. Difor skal kyrkja skal vere der dei er. Alle skal kunne høre at dåpens nåde gjeld heile livet. Du skal sjå til at evangeliet blir forkynt klart og reint, som det heiter i vår lutherske vedkjenning.

I dei neste åra når du skal vere biskop, markerer vi at denne bodskapen har fått plass og rammer i dette landet i meir enn tusen år. Neste år skal vi markere at det som vert kalla «kristenretten» vart formulert på Mostertinget. Retten, og ikkje makta, skulle råde. Folket skulle få kyrkjer og lære kyrkjelege skikkar om korleis ein skulle leve saman «som kristne det kan seg søma», som salmediktaren Elias Blix frå Nordland har formulert det i fedrelandssalmen.

I den eldste teksten om kva dei vart samde om der i 1024 heiter det at «..me skal bøygje oss mot aust og beda til den heilage Krist om

godt år og fred og ha kongen vår lukkeleg, han skal vera vår ven og me hans vener, og Gud skal vere ven åt oss alle.»

Det var ikkje opplagt den gongen at alle skulle vere ven med kongen. Slaget på Stiklestad i 1030 handla om det. I vår tid er det ingen som er tvil om at kongen er vår ven og me hans vener. Og nettopp det bidrar mykje til at vi heldt saman som nasjon, også i krevjande tider, med alle våre forskjellar, der vi er ulike folk, som også har ulike religionar - eller ingen.

Som biskop har du den andre delen av oppgåva: å formidle at Gud vil vere ven med alle. Det er ikkje alltid like klart, og ikkje like lett å fatte for alle. Stundom fordi dei som framstår på ulike vis på Guds vegner kan kome til å gjere den bodskapen uklar. Noko av det den samiske og kvenske befolkning opplevde, også i møte med kyrkja, kunne gjere at dei kunne bli i tvil om det.

Du skal leie folkekyrkjas store oppgåve med å gjere det tydeleg. Det skjer på mange vis, i ulike språk og med ulike kulturelle uttrykk. Vi byggjer på våre felles søyler i vår Heilage Skrift, i våre truvedkjenningar, i sakramenta, i bønene, og det kjem til uttrykk i musikk, i undervisning, og i diakonale tenester for andre.
Forsoningstenesta er jobb nr.1 for heile kyrkja.

Vi treng å forsoner oss med Gud. Ofte handlar det også om å forsoner seg med seg sjølv, å ta til oss nådens ord som ei Guds gåve til meg.

Nådens ord gir oss også ei oppgåve. Du som biskop får den oppgåva på eit svært så tydeleg vis i dag. Men den gjeldt eigenleg oss alle. Å la seg forsone med Gud, er også å gjere Guds gode vilje kjent for andre, å dele evangeliet. Men det handlar også om å gjere Guds gode vilje gjeldande mellom oss menneske, og mellom oss og skaparverket.

Vi skal søkje den forsoning som fornyar våre relasjonar, som Gud har vist oss gjennom Jesus Kristus. Difor skal du sørge for at dette skjer her gjennom dine medarbeidrarar. Som det heiter i kristenretten:
«Biskopen vår skal setja prestar til alle kyrkjer, og slike som han veit

kan gjere gudstenesta rett for folk.» Sjølv om tenesteordninga for biskopar har litt andre og fleire ord no, er oppdraget det same: Å rekruttere og rettleie medarbeidalar.

Du skal føre vidare linja frå apostlane, via kristenrettten, til dagens folkekirkje for alle folk her til lands – og vidare inn i ei ukjent framtid.

Men vi veit noko om denne framtida: Jesus Kristus vil møte oss også der. Igjen og igjen vil han formidle Guds venskap med oss, med alle, med verda.

Du skal leie oppgåva med å gi det vidare til barn og unge. For vi treng det i alle generasjonar, barn, unge, vaksne, og oss litt godt vaksne.

Dette bispedømmet og heile vår kyrkje treng dine krefter og ditt leiarskap for at denne forsoningstenesta skal vere kjenneteiknet på kva det er å vere kyrkje – saman. Med Gud som ven til alle.